

HANDLINGSPLAN 2023 – FLORØ HAMN KF

Handlingsplan 2023 tek utgangspunkt i hamneplan 2020-2040, som fastlegg mål og strategiar for utviklinga av hamneområdet i Florø og Florø hamn KF. Vidare legg ein til grunn ytre rammer som er bestemt av overordna mynde, samt utviklinga i marknaden for tenestene våre.

Visjon

'Knutepunkt vest' – Florø hamn KF skal vere ei attraktiv, profesjonell og framtidsretta hamn med kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar.

Hamna sine planar og aktivitetar skal vere tufta på omsyn til miljø, klima og berekraft. Når Noreg omstiller seg til fornybarsamfunnet, har Florø hamn og næringslivet i vår region alle føresetnader for å vere ein viktig arena, med eksisterande kompetanse, strategisk nærleik til havet, areal til industri m.v. Det skjer mykje viktig utviklingsarbeid som posisjonerer Florø i front nasjonalt og internasjonalt på fornybarfeltet. Florø hamn KF vil bidra til å forsterke dette framtidsretta arbeidet.

Verdiar

Trygg, synleg, tett på.

Mål

Florø hamn KF sitt arbeide er delt opp i fire områder:

- HMS og medarbeidarar: Sikkert arbeid, kompetente og engasjerte medarbeidarar
- Berekraftig: Miljø og samfunnsansvar
- Forretning: Effektiv og lønnsam infrastruktur
- Forvaltning: Synleg, enkel og informativ

FN's berekraftsmål

Florø hamn skal særskild jobbe for å fire av FN's berekraftsmål, og denne handlingsplanen skal spegle desse fire:



- 7 – Rein energi til alle
- 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 14 - Livet i havet
- 17 – Samarbeid for å nå måla

HMS og medarbeidarar: Sikkert arbeid, kompetente og engasjerte medarbeidarar

Dei tilsette i Florø hamn KF skal ha ein trygg arbeidsplass og alltid komme heim frå jobb med minst like god helse som når dei kjem på jobb. Brukarane av hamna skal oppleve Florø hamn som ei trygg og sikker hamn der det er lagt rette for sikre og effektive arbeidsoperasjonar utan skade på personell, miljø og utstyr. HMS skal prioriterast på linje med forvaltning, forretning og berekraft, og der desse kjem i konflikt stillar HMS alltid først.

- *HMS-arbeid:* Rutinar og plan for HMS-arbeidet skal jobbast aktivt og systematisk med i 2023. Dette inkluderer god involvering av verneombod og dei tilsette.
- *Bedriftshelseteneste:* Florø hamn KF nyttar Bedriftshelse1 og det er jobba med risikovurdering med særskild fokus på hamneinspektøroppgåvene. Tiltaka frå denne risikovurderinga skal det jobbast med saman bedriftshelsetenesta i 2023, samt andre identifiserte tiltak – som årleg førstehjelpstrening.
- *Kompetanse:* Det er utarbeida ei opplæringsmatrise for dei tilsette i hamna med krav til opplæring av dei ulike rollane og stillingane i hamneorganisasjonen. Dette gjeld både kurs, avtaler og prosedyrar. Denne skal til ein kvar tid vere oppdatert, og ved gap skal det leggest ein plan for korleis gapa skal lukkast. Tilsette og styremedlem vert sendt på relevante kurs og får høve til å delta på arrangement i regi av hamneorganisasjonane. Opplæringsmatrisa vart delvis evaluert og revidert i 2022. Dette arbeidet må halde fram i 2023.
- *Ny kollektivterminal:* Ny kollektivterminal sto ferdig sommaren 2022. I samband med dette vart det starta opp gjennomgang av naudsynt opplæring og kompetanseheving internt for drift av denne (til dømes selekurs, liftkurs, arbeid i høgda m.m.). Dette arbeidet skal halde fram i 2023, og det gjeld kartlegging av behov og opplæring..
- *Vedlikehaldssystem:* Det skal jobbast aktivt og systematisk med ProResult - det valte vedlikehaldsprogrammet til Florø hamn KF. Dette for lettare drive systematisk vedlikehald med dokumentert historikk, og skape eit trygt, påreknleg og effektivt vedlikehaldsarbeid for dei tilsette. Fokusområde for 2023 er tydelegare tidsplan/prioritet, spesifikke arbeidsinstruksar og sluttrapportering/tilbakemelding etter endt arbeidsoppgåve. Dette inkluderer:
 - Evaluering av vedlikehaldssystemet og rutiner rundt dette.
 - Vurdere eksternt bistand/læring rundt planlegging; planlagte oppgåve vs. ad hoc oppgåver (lærande organisasjon).
- *Psykososialt arbeidsmiljø:* Florø hamn skal i 2023 bli betre på interne sosiale arrangement for å bygge lag.

Berekraft: Miljø og samfunnsansvar

Florø hamn KF skal vere ein pådrivar for meir miljøvenleg transport, og meir gods på sjø. Florø hamn KF skal i tillegg vere ein pådrivar og legge til rette for nye framtidige energiberarar og transportløyningar. Florø hamn vil legge til rette for at Florø-regionen blir ein føretrekt stad (å etablere seg) for dei som vil utvikle grøn industri og næring.

- I 2023 vert insentivordninga med miljørabatt på farvassavgifta vidareført (ESI) for å motivere til meir miljøvenleg transport. Det har i 2022 vert jobba med handlingsrom og konsekvensar rundt miljødifferensiering i vederlagsregulativet. Dette feltet har rom for forbetringar i hamne- Norge, og Florø hamn vil jobbe meir med dette i 2023. Dette inkluderer dialog rundt EPI-differensiering, når det vert utvida frå å gjelde berre cruise-fart.
- Florø hamn KF skal saman med SFE gjennom Skipskraft AS legge til rette for eit godt landstrømstilbod i Florø hamn. Det inkluderer å optimalisere og marknadsføre eksisterande tilbod for auka bruk. I 2023 vil Skipskraft AS evaluere tilbodet så langt, og vurdere vegen vidare.
- Fylkeskommunen jobbar med nye anbod på lågutsleppshurtigbåtruter, både lokalt og regionalt, som skal setjast i gang i 2024. Dette skal jobbast med aktivt i 2023, og Florø hamn KF skal som kaieigar bidra for gode løysingar både når det gjeld berekraft og forretning.
- Florø hamn KF skal i 2023 jobbe vidare med Kinn kommune for eit reint og ryddig hamnebasseng, dette inkluderer løysingar for plastoppsamling.
- Ved investering i nytt driftsutstyr, infrastruktur og bygg i Florø hamn KF, skal ein vurdere miljøavtrykket.
- Florø hamn KF skal aktivt bidra i organisasjonar og prosjekt som jobbar for nye framtidige energiberarar og transportløyningar. For 2023 inkluderer dette HyValue-prosjektet (leia av Norce), som Florø hamn er partner i KF.
- Avfallshandtering: Det har i 2022 vert tatt ein fullstending gjennomgang på avfallshandtering, og forbetringar er blitt identifisert og delvis gjennomført. Dette arbeidet vil halde fram i 2023.
- Reint og ryddig område: Florø hamn vil i 2023 fokusere i større grad på reint og ryddige områder, og vil involvere leigetakarar og operatørar på hamna sine områder i dette arbeidet. Dette inkluderer «ryddekampanjer» og liknande prosjekt.

Forretning: Effektiv og lønnsam infrastruktur

Florø hamn KF skal vere ei drivkraft i utviklinga av kystregionen som vekstområde. Florø er eit viktig transportknutepunkt for sjø mellom Ålesund og Bergen, og innfallsporten til resten av regionen.

- *Forretningsområder:* Det skal i 2023 jobbast med å skaffe nye forretningsområder for å skape inntekter til hamna, samt hamna skal leggje til rette for etablering av nye aktørar som driv forretningsverksemd som krev/kan tene på nærleik til sjø.

- *Hamneplan:* Strategisk hamneplan med langtidshorisont skal nyttast aktivt for gjennomføring, og kommuniserast ut til brukarar, politikarar og samfunnsaktørar. Planen skal reviderast rundt årsskiftet 2022/23.
- *Hamnesamarbeid:* Florø hamn KF vil søke samarbeid der det er naturleg i inn- og utland, herunder invitere til tettare samarbeid med hamneselskapa i regionen.
- *Marknadsføring og nettverk:* Florø hamn KF deltek aktivt i dei fora som dagens og morgondagens brukarar og vareeigarar er ein del av, både lokalt og nasjonalt. Dette for å skape eit kontaktnettverk som har til intensjon å lettare kunne få tilrettelagt for behova til brukarane og vareeigarane i heile regionen. Florø hamn KF skal marknadsføre eigne kaier med tilhøyrande bakareal, bygg og infrastruktur aktivt i marknaden, og det skal vere enkelt for brukarar og kundar å finne ein oversikt over kva vi kan tilby. Florø hamn KF skal ferdigstille ein marknadsplan i 2023.
- *Areal og tilgjengeleg kaifront:* Det vil i 2022 halde fram med arbeidet for å utvide hamna sitt areal for å legge grunnlaget for auka kailengde og operasjonsareal i bakkant av eksisterande kaier. Slik utviding vil verte søkt realisert når det vil vere med å auke aktiviteten og inntening i hamna. Eksisterande bakareal skal optimaliserast for best mogleg utnytting, dette tilpassa fartytypene som nytter tilhøyrande kaier. Bruk av tilgjengeleg kaifront skal gjennomgåast for optimal utnytting. Florø hamn KF arbeider også med å legge til rette for sal av areal som ligg utanfor hamna sitt satsingsområde.
- *Kollektivterminal og kontorbygg på Fugleskjærkaia:* Prosjektet har ferdigstillelse i 2022, og det skal fokuserast på effektiv, praktisk og lønnsam drift av området. Nye rutinar og system for å sikre dette skal etablerast.
- *Økonomi:* God økonomistyring er essensielt for gjennomføring av planane til hamna. Ein skal i perioden analysere drifta til hamna mtp forretning og samfunnsoppgåver. Dette inkluderer del av drifta som skapar overskot, del av drifta som driftast etter rein sjølvkost og del av drifta som vert subsidiert av andre aktivitetar (sponsing av kaiplass og liknande). Det skal i tillegg settast opp kva avkastningsgrad dei ulike forretningsområda har. Dette skal danne grunnlag for vidare arbeid på om hamna har dei rette prioriteringane av dagleg aktivitet, er rett organisert og har dei rette rammevilkåra for dagleg drift (til dømes mtp kjøp av tenester). Er det oppgåver som kan veljast vekk for å ha større fokus på dei verdiskapande oppgåvene og er det oppgåver hamna i dag kjøper som føretaket bør ha internt?
- *Verkemiddelapparatet:* Florø hamn KF har store ambisjonar til utvikling, sikker og effektiv drift, samtidig som det skal vere tydeleg fokus på økonomistyring. For å sikre gjennomføringa av visjonen til hamna innafor det økonomiske handlingsrommet ein har, har hamna eit potensial til å meir aktivt søke midlar gjennom verkemiddelapparatet.
- *Hamnebåten:* "Ytterøyane" skal aktivt marknadsførast for bruk både til forvaltning og forretning. Dette inkluderer at båt og personell skal disponerast for utleige til både offentlege og private kundar.

Utvikling av godshamn

Containertrafikken var planlagt flytta frå Fugleskjærkaia vest innan utgangen av 2022 ihht gjeldande sentrumsplan. Dette arbeidet er noko forsinka, pga utvikling av hamneprosjektet på Måsholmen og høg aktivitet på kai G på Botnastranda. Det skal i kommande år planleggast vidare bruk og aktivitet på området og korleis best utnytte det framover. Dette inkluderer vedlikehald og oppgradering av infrastrukturen tilpassa framtidig aktivitet.

Ein vil i 2023 jobbe vidare med å realisere godshamn på Måsholmen utanfor Gunhildvågen, som skildra i hamneplanen saman med andre næringsaktørar gjennom Måsholmen Utvikling AS. Ein vil jobbe parallelt med reguleringsplan og forretningsplan/investeringar for å få realisert prosjektet

Kai G på Botnastranda er langtidsutleigd ut 2022, med forhandlingar på forlenging av denne avtalen. Ein skal i 2023 jobbe vidare med langtidsplan for vidare bruk av kaia og området rundt.

Kaier og infrastruktur

Det skal jobbast systematisk med vedlikehald av alle kaier, inkludert bakareal og tilhøyrande infrastruktur. Dette skal gjerast i vedlikehaldssystemet til Florø hamn KF, og det skal til ein kvar tid vere femårsplanar for vedlikehald.

- Botnastranda aust: Utarbeide permanent vegløyising med tekniske løysingar lagt ned i veg, samt permanente løysingar for straum og vatn.
- Hesteneset: Bakarealet på fiskerikaia skal arealplanleggast for best mogleg utnytting av området. Rubbhall (lager) er etablert, og skal leigast ut til eksterne.
- Kaidekket på kai D, Fugleskjærkaia, skal rehabiliterast for at kaia igjen skal nyttast til lasting og lossing av skip. Dette er påbegynt i felt i 2022, og vil bli ferdigstilt i 2023. Visinor er utførande entreprenør, Novaform har prosjektleiinga og Norconsult er engasjert som rådgjevar med spesialkompetanse på feltet.

ISPS og hamnesikring

ISPS-kaiene Fugleskjærkaia, Gunhildvågen og Botnastranda aust skal ha smidige løysingar for effektiv passering inn og ut av ISPS-området, samt kameraovervaking.

Gjestehamn

Gjestehamna i Florø skal driftast og opplevast av brukarane som ei gjestehamn av høg standard, og skal marknadsførast tydeleg ut i marknaden. Fokuspunkt er servicenivå, kvalitet og moderne gjesteservicehus. Gjestehamna skal legge til rette både for lokale fritidsbåtar og fritidsbåtar på langtur, og prissettinga skal vere med å skape aktivitet både i sesong og utanfor. Brukarane skal føle seg velkommen og trygge i gjestehamna, og servicenivået og kvaliteten skal ligge på eit nivå der gjestane får dekkja dei behov som båturlistar normalt treng.

Hamna er positiv til aktivitetar som båtmesser og liknande som genererer aktivitet i hamna, men vil i kvart tilfelle vurdere nytta av direkte og indirekte subsidiering (som gratis utleige av kaiplass, straum, og liknande).

Forvaltning: Synleg, enkel og informativ

Florø hamn KF er kommunen sitt hamnefaglege organ for den delen av Kinn kommune som før kommunesamanslåinga var Flora kommune, og skal innanfor dette geografiske virkeområdet ta hand om dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene som er lagt til kommunen etter hamne- og farvasslova, og føresegner gitt i medhald av lova. Florø hamn KF er sekretariat og ansvarleg for den operative drifta i Alden hamneområde, som inkluderer sikring av tryggleiken i farvatna i dei fem medlemskommunane (Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Kinn (farvatnet sør for Bremanger) og Sunnfjord).

Forvaltningsarbeidet til Florø hamn KF inneberer å vere synleg, enkel og informativ. For å få til dette har hamna utarbeida ein kommunikasjonsstrategi og –plan som skal følgjast.

- Hamnesjefen har øvste ansvar for all kommunikasjon og gjennomføringa av tiltaka i kommunikasjonsplanen:
 - Florø hamn KF skal i 2023 nytte både heimeside og SoMe aktivt for informasjon, marknadsføring og synleggjering av organisasjonen.
 - Det skal vere enkelt å finne nødvendig informasjon om hamneområdet og hamnerelaterte saker, for å skape ei smidig, kundeorientert og effektiv brukaroppleving.
 - Brukarmøter skal marknadsførast aktivt for å sikre brei deltaking med tilhøyrande god informasjon og involvering av brukarane til hamna. Dette gjeld både for Florø hamn KF og Alden hamneområde.
- Det skal i 2023 jobbast ytterlegare med digitalisering av arbeidet for forenkling og effektivisering av dagleg drift, inkludert kaipplanlegging, fakturering, styringsverktøy med meir. Dette for både intern og ekstern bruk.

Hamnebåten "Ytterøyane" skal sørge for god sikring av farvatnet i Alden og skal aktivt marknadsførast for bruk både til forvaltning og forretning. Dette inkluderer at båt og personell skal disponerast for utleige til både offentlege og private kundar.

Florø hamn KF vil i 2023 halde fram med å ha vedlikehald av rutekaiar i øyane utanfor Florø på oppdrag frå Kinn kommune, men vil i løpet av perioden evaluere ordninga i samarbeid med Kinn kommune. Dette er tett knytta til gjennomgangen og forbetringa rundt økonomistyringa som starta i 2022 (pkt. under forretning), og som vil halde fram i 2023.